



Det vert med dette kalla inn til møte i

Programstyret for Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Medlemar:

Claire Ghetti, programstyreleiar
Kjetil Hjørnevik, programkoordinator, nestleiar programstyret
Brynjulf Stige, intern fagrepresentant
Monika Overå, ekstern fagrepresentant
Fridtjof Bjelland Nicolaysen, studentrepresentant
Moritz Menz, studentrepresentant

Sekretær:

Fredrik Due-Olsnes, studiekonsulent

Tid: Torsdag 25.09.25, kl. 13:15-15:00

Stad: GA / Microsoft Teams

Møte: 5/2025

Arkivnr: 2025/1011

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll programstyremøte 28.08.2025

III Sakar:

Vedtakssakar:

MUTP 17/25 Endring studieplan – PSYK-emne

Vedtakssak

MUTP 18/25 Plan for treårig emneevaluering

Vedtakssak

MUTP 19/25 MUF101 - innspel

Vedtakssak

MUTP 20/25 Endring av møtedato 23. oktober

Vedtakssak

Diskusjonssakar:

MUTP 21/25 Studieplanrevisjon

Diskusjonssak

MUTP 22/25 Rekurrering INMUT
Diskusjonssak

IV Referat og orienteringssaker

MUTP 23/25 NOU2025:7 Musikklandet
Informasjonssak

V Eventuelt

23.09.2025
Claire Ghatti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær



Protokoll

Programstyret for Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Til stade:

Claire Ghetti, programstyreleiar

Kjetil Hjørnevik, programkoordinator, nestleiar programstyret

Brynjulf Stige, intern fagrepresentant

Sekretær:

Fredrik Due-Olsnes, studiekonsulent

Meldt avbod: Monika Overå, ekstern fagrepresentant

Tid: Torsdag 28.08.25, kl. 13:15-15:00

Stad: GA / Microsoft Teams

Møte: 4/2025

Arkivnr: 2025/1011

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjent

II Godkjenning av protokoll programstyremøte 23.05.2025

Godkjent

III Sakar:

Vedtakssakar:

MUTP 11/25 Møteplan for programstyret hausten 2025

Vedtak:

Programstyret vedtar forslag til møteplan.

Kl. 13.15-15.00

25. september

23. oktober

27. november

11. desember

MUTP 12/25 Datoar for opptaksprosessen 2026

Vedtak:

Programstyret godkjenner forslaget om datoar til opptaksprosessen i 2026, men ber samtidig opptakskonsulent om å vere merksam på eventuelle eksamensdatoar i vidaregåande skule, spesielt dei som kjem frå musikklinje med lokale planar for eksamen i t.d. musikk.

Diskusjonssakar:

MUTP 13/25 Rekruttering INMUT

Diskusjonssak

Vanskeleg å seie kva utslag bussturnéen har å seie for rekruttering til musikkterapi, og det er ei ny masteroppgåve i musikkterapi som viser til at skulebesøk rekrutterer dårleg. Om ein turné blir gjennomført bør musikkterapi bli inkludert. Samtidig viser årets ledige studieplassar (2 stk, ca. 14%) at musikkterapi treng rekrutteringstiltak som er laga utifrå INMUT sine spesifikke behov, og at det vert laga ein langsiktig plan for systematiske rekrutteringstiltak, i tråd med nye nasjonale føringar: NOU 2025: 7

Kortsiktige tiltak:

- Digital utdanningsmesse/inspirasjonsseminar om musikkterapi?
- Kanskje prøve «lokale» skulebesøk kor studentar kan reise til sine heimstadar for å rekruttere der. Lokale skuler i Bergen? Kva budsjett har me til dette?
- Få musikkterapi meir synleg på utdanning.no og AI-boten til UiB

Rekrutteringsnettverket til POLYFON

Musikkterapi bør bli prioritert, og viser til NOU 2025: 7

Har fått innvilga pengar til rekruttering i fleirkulturelle miljø.

Programstyreleiar melder tilbake til opptakskonsulent (ansvarleg for rekruttering) med at INMUT er med på ein bussturné (studentar), men at INMUT vil be om støtte til rimelege rekrutteringstiltak som trekk studieprogrammet sine behov.

MUTP 14/25 Endring studieplan PSYK111

Diskusjonssak

Eventuelt eit nytt 5sp-emne med ei brei tilnærming kor det er ressursane det semesteret som avgjer for det faktiske innhaldet.

Tilbakemeldingar frå studentar og tilsette er at dei er positive til PSYK130, og at eit nytt emne kan fungere som ei bru mellom PSYK og INMUT. Programstyret anbefaler ei utgreiing om eit (elle fleire) nye emne på musikkterapi som kan fungere som bru mellom PSYK130 og INMUT.

IV Referat og orienteringssaker

MUTP 15/25 Årsplan for IRGA, SU og Fakultetsstyret

Informasjonssak

MUTP 16/25 Studenttal INMUT 2025-2026

Informasjonssak

V Eventuelt

Følgande saker blei meldt til eventuelt, men pga. mangel på tid vert dei overført til neste møte.

NOU 2025: 7 musikkterapi

Det bør komme ei tredje musikkterapiutdanning i Noreg.

Programstyret lagar eit forslag til fråsegn.

Studieplanrevisjon

EMTC: ny standardar for musikkterapi i Europa

Psyk.fak. terapeutiske dupleiker

Representantar i programstyret

StuGA skal ha møte i veke 37.

23.09.2025

Claire Ghetti

Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 17/25
Sakstype: Vedtak

ePhorte saksnummer: 2025/1011
Møte: 25.09.2025

Endring i studieplan PSYKemne

Bakgrunn

Oppfølging av sak 14/25.

PSYK111 *Innføring i psykologi og psykologiens historie* vert lagt ned etter inneverande haust – hausten 2025 er dermed siste gong PSYK111 vert gjennomført. Emnet vert erstatta av [PSYK130 innføring i psykologi](#). Dette blir ei utfordring med samansetning av emne tredje semester, da PSYK111 er 15 studiepoeng og PSYK130 er skalert ned til berre 10 studiepoeng.

Til saka

Det ligg no to ulike forslag til endringa av studieplan for INMUT

1. Implementere PSYK130

Implementere PSYK130 *Innføring i psykologi* (10sp) som emne, og samtidig opprette eit nytt emne i musikkterapi på 5 studiepoeng som skal utfylle og støtte opp om dette emnet.

Dette inneberer og at ein kutter valet om å ta MUV280 *Popular Music Studies* eller SANT104 *Kultur, mening og kommunikasjon* i staden for PSYK-emne. Ved oppretting av eit nytt emne på 5 studiepoeng er det ønska dette skal vere obligatorisk for alle studentane på studiet.

Det er allereie utarbeida eit forslag til kva eit nytt emne kan innehalde. Målet er at emnet skal støtte opp om og vere utfyllande for PSYK130 – integrere og reflektere over kunnskapsteoriar i musikkterapi, og sjå dette i samanheng med kunnskapstradisjonar i psykologi. Utfyllande forslag til nytt emne er lagt ved.

Det er likevel ei bekymring for at ved å gjeninnføre eit PSYK-emne som obligatorisk emne i studieplanen, at det vil bli ein ny «propp» i gjennomføringa av studiet for studentane jf. SAK 6/24 frå programstyremøte 16.02.2024.

Om ein ser på emneplanane til det PSYK130 vs. PSYK111 ser ein at alt som omhandlar «psykologiens historie» er fjerna så ein står igjen med «innføring i psykologi». Det er

framleis ingen obligatoriske undervisningsaktivitetar. Eksamen er framleis 4 timar «skuleeksamen», men omfanget her kutta frå å svare tilfredsstillande på 3 av 5 til 2 av 3 essayoppgåver.

Det er ikkje publisert timeplan eller litteraturlister for det nye PSYK130-emnet, men det må bli tatt høgde for i ei eventuell planlegging av undervising og litteratur for eit eventuelt nytt emne på 5sp, samt anna undervising same semester.

2. Opprette eit nytt emne på 15 studiepoeng

Det er og ønska at programstyret tar stilling til eit heilt nytt emne i musikkterapi på 15 studiepoeng, som da skal erstatte PSYK-emne og MUV280/SANT104. Kva dette emnet skal innehalde er ganske ope, men utifrå tidlegare diskusjonar i fagmiljøet og tilbakemeldingar frå studentar er det ønska å ta inn perspektiv frå både psykologi og sosiologi.

Ein fordel med eit nytt 15sp-emne, er at INMUT får full kontroll over innhaldet i emnet, slik at ein kan forme det til at det blir ein mindre risiko for «propp» i utdanninga, og at ein kan fylle det med tema som er særleg relevant for musikkterapiutdanninga.

Det er og ønska at INMUT/GA/KMD skal få utteljinga av studiepoenga. No er det Det Psykologiske fakultet som «tener» på at studentane hjå INMUT fullfører studiepoeng hjå dei.

Saka er og tema på lærarmøte dagen før programstyremøtet. Referat frå lærarmøte blir lagt fram for programstyret.

Forslag til vedtak:

Claire Ghetti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær

MUTP130 Profesjonsførebuande: Kunnskap i bruk

Mål og innhald

Emnet har som mål å gje studenten teoretiske reiskapar til å reflektere over den musikkterapeutiske profesjonsrolla, der kunnskap vert tatt i bruk i samspel med brukarar av musikkterapi, kollegaar, leiarar og samfunnet rundt. Studenten lærer m.a. om kunnskap og kommunikasjon, om ulike analysenivå i forståing av menneske og helse, og om kombinasjon av innsikt, metodar og perspektiv frå faga psykologi og musikkterapi. Refleksiv evne til å vurdere spenningar og motsetningar mellom ulike kunnskapstradisjonar vert vektlagt.

I emnet skal studenten integrere og reflektere over kunnskapstradisjonar i musikkterapi, slik dette m.a. har vore arbeidd med i emna MUTP100 - Innføring i musikkterapi og MUTP103 – Musikkterapiteori, og sjå dette i samheng med kunnskapstradisjonar i psykologi, slik dette har vore arbeidd med i emnet Psyk130 – Innføring i psykologi.

Læringsutbyte

Kunnskapar

Studenten kan

- gjere greie for korleis kommunikasjon kan forståast som eit grunnvilkår i musikkterapeutisk profesjonspraksis, i lys av perspektivmangfald, makt og kontekst
- gjere greie for biologiske, individuelle og sosiokulturelle analysenivå i psykologisk og musikkterapeutisk forskning og teori

Ferdigheiter

Studenten kan

- diskutere forholdet mellom individet og dei sosiale omgjevnadane
- reflektere over samanhengar mellom kunnskapssyn og menneskesyn
- vurdere spenningar og motsetningar mellom ulike kunnskapstradisjonar

Generell kompetanse

Studenten kan

- gjere greie for integrative teoritilnærmingar innan helserelaterte fag som medisin, psykologi og musikkterapi: biopsykososiale perspektiv, bioøkologiske perspektiv og enaktivisme

Studiepoeng, omfang

5 studiepoeng

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Undervisningssemester

Haust

Undervisningsstad

Bergen



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 18/25
Sakstype: Vedtak

ePhorte saksnummer: 2025/1011
Møte: 25.09.2025

Plan for treårig emneevaluering

Bakgrunn

Oppfølging av SAK 17/24, 15.11.2024, med vedtak:

*Programstyret ynskjer å halde fram med å gjere årlege eigenevalueringar av emna.
Programstyret ynskjer å evaluere alle emne på INMUT etter UiBs mal for treårig
emneevaluering i laupet av våren 2025 og hausten 2025.*

Til saka

I etterkant er det utarbeida eit elektronisk skjema som skal gjere det enklare for emneansvarlege å gjennomføre treårig emneevaluering.

<https://forms.office.com/e/AKXx9beRWk>

Arbeidet er diverre ikkje følgt opp, og skjemaet er ikkje distribuert.

Treårig emneevaluering er eit krav som del av UiB sitt kvalitetssystem, og det er derfor ønska med ein konkret plan for gjennomføring på INMUT.

Med utgangspunkt i kva som er lasta opp i kvalitetsdatabasen til UiB, er følgande plan for gjennomføring av treårig emneevaluering foreslått:

Gjennomføring av treårigemneevaluering gjerast etter at vurdering i emnet er fullført gjeldande semester

Emnekode	Emnenamn	Vurderingssemester	Sist gjennomført	ny gjennomføring	Plan for gjennomførin
MUTP100	Innføring i musikkterapi (10 studiepoeng)	Haust	aldri	H25	H28
MUTP102	Musikkterapeutisk bruksmusikk (15 studiepoeng)	Vår	V14	V26	V29
MUTP103	Musikkterapiteori (10 studiepoeng)	Vår	aldri	V25	V28
MUTP104	Musikking (Musicking) (10 studiepoeng)	Vår	aldri	V26	V29
MUTP105	Samspel i musikkterapi (10 studiepoeng)	Vår	aldri	V26	V29
MUTP111	Musikk og Hjerne	Haust	H13	H25	H28
MUTP200	Basisinstrument	Haust	nytt emne H24	H26	H29
MUTP202	Samfunnsmusikkterapi (15 studiepoeng)	Haust	aldri	H25	H28
MUTP205	Innføring i musikkterapeutisk praksis (15 studiepoeng)	Vår	aldri	V26	V29
MUTP206	Musikkterapeutisk teoriutvikling (10 studiepoeng)	Vår	aldri	V26	V29
MUTP207	Kreativ stemmebruk i musikkterapi (5 studiepoeng)	Vår	aldri	V25	V28
MUTP300	Musikkterapi i barn og unges oppvekst (15 studiepoeng)	Vår	aldri	V26	V29
MUTP302	Musikkterapeutisk improvisasjon (15 studiepoeng)	Vår	V14	V26	V29
MUTP303	Musikkterapeutisk profesjonskunnskap (15 studiepoeng)	Vår	V21	V26	V29
MUTP305	Musikkterapi i helsesektoren I (15 studiepoeng)	Vår	aldri	V26	V29
MUTP306	Musikkterapi i helsesektoren II (15 studiepoeng)	Vår	aldri	V26	V29
MUTP312	Musikkterapeutisk forskningsmetode (15 studiepoeng)	Haust	V13	H25	H28
MUTP350	Masteroppgåve i musikkterapi (30 studiepoeng)	Vår	V11	V26	V29
MUTP360	Masteroppgåve i musikkterapi (60 studiepoeng)	Vår	aldri	V26	V29
MUTPRA101	Musikkterapipraksis 1	Vår	Nytt emne H24	V27	V30
MUTPRA102	Musikkterapipraksis 2	Vår	Nytt emne H24	V27	V30
MUTPRA201	Musikkterapipraksis 3	Vår	Nytt emne H24	V27	V30
MUTPRA301	Musikkterapipraksis 4	Haust	Nytt emne H24	H26	H29
MUTPRA302	Musikkterapipraksis 5	Vår	Nytt emne H24	V27	V30
MUTPRA303	Musikkterapipraksis fordjuping	Vår	Nytt emne H24	V27	V30

Forslag til vedtak:

Programstyret vedtar forslaget om plan for gjennomføring av treårig emneevaluering, og ber programstyreleiar og sekretær følgje opp informasjon og distribuering av skjema.

Claire Ghetti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 19/25
Sakstype: Diskusjon

ePhorte saksnummer: 2025/1011
Møte: 25.09.2025

MUF101 - innspel

Bakgrunn

Det er Bachelorprogrammet i utøvande musikk eller komposisjon som «eig» MUF101 Musikk, kultur og samfunn. Emne fekk midlar til redesign i 2023, og programstyret for nemnte studieprogram ønskjer no tilbakemelding på dette i forbindelse med ytterlegare revisjon.

Til saka

Fristen for tilbakemelding var 15. september, men INMUT har likevel fått høve til å sende inn ei tilbakemelding.

Programstyret har fått forslag til spørsmål til diskusjon.

Programstyreleiar og programkoordinator meiner at endringane som blei gjort i 2023 blei godt mottatt av studentane, og ein kanskje bør la dette «sette» seg før ein gjer fleire store endringar. Det vert og peikt på at ressursen til emneansvarleg bør gjenspeile arbeidsmengden som går med til å koordinere emnet, og at ressursbelastninga vert fordelt på alle involverte studieprogram.

Forslag til diskusjonsspørsmål:

1. Hvilken rolle ønsker programstyret at emnet skal ha i sitt studieprogram? Bør læringsutbyttet i så fall justeres?
2. I lys av eksisterende emner på programmet, hvilken faglige element er ønskelig å ta opp i emnet?
3. Har dere innspill på lærings- og undervisningsmetoder som kan brukes i emnet?

- Emnet har organisert noen fribilletter til for eksempel carte blanche, Bergen Live og festspillene. Er det flere innspill til arenaer studentene bør få innblikk i?
4. Samarbeidspartner: Bergen Kjøtt (radikal inkludering), Carte Blanche (KMD beveger, fokus på bevegelse og lyd) og Borealis (festivalorganisering) har det siste året vært inne i undervisningen. Har programstyret innspill til andre aktuelle samarbeidspartnere? Spesifiser gjerne noe om hvilke bidrag denne samarbeidspartneren kan ha.
 5. Vurderingsform: Pr i dag er det mappeinnlevering med 3 arbeid som gir en fleksibilitet for hvert år. Våren 2025 var disse tre delene podcast (desember), tekst med beskrivelse av et musikalsk arrangement (mars) og søknad om økonomisk støtte til et musikkarrangement (mai). Har programstyret innspill her mht hvilke andre vurderingsformer som studentene går gjennom på det aktuelle tidspunktet?

Forslag til innspel:

Claire Ghetti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 20/25

Sakstype: Vedtak

ePhorte saksnummer: 2025/1011

Møte: 25.09.2025

Endring av møtedato 23.10

Bakgrunn

KMDs dag for forskning er lagt til 23.10.

Til saka

Programstyret vil diskutere om det er ønska (og mogleg) å finne ein ny dato.

Forslag til vedtak

[vert utarbeida på møtet]

Claire Ghetti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 21/25

Sakstype: Diskusjon

ePhorte saksnummer: 2025/1011

Møte: 25.09.2025

Studieplanrevisjon

Bakgrunn

Det er starta eit arbeid for ein større studieplanrevisjon for INMUT.

Til saka

Kva er status på dette, og kva er ein realistisk plan vidare?

Claire Ghetti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 22/25
Sakstype: Diskusjo

ePhorte saksnummer: 2025/1011
Møte: 25.09.2025

Rekruttering INMUT

Bakgrunn

Oppfølging av 13/25

Til saka

I oppfølging av SAK13/25 er følgende gjennomført:

- Bussturnéen til GA vert gjennomført, men student frå INMUT er med på berre ein av tre besøk – til Voss folkehøgskule, 26.09.2025.
- Programstyret har sendt inn eit fråsegn på høyringa om NOU 2025:7, kor rekruttering er omtala.
- Sekretær har starta arbeidet med å sjå på korleis INMUT er/ikkje er synleg på utdanning.no. Mål om å få dette ferdig før ny søknadsprosess startar.

Vidare oppfølging:

- Lage eit digitalt inspirasjonsseminar om musikkterapi. Eventuelt kople INMUT på allereie eksisterande digitale utdanningsmesser.
- Utforske kva moglegheiter INMUT har for at eksisterande studentar kan drive rekruttering på sine respektive heimstader.
- Sjå på UiB sin chatbot for å finne utdanning, for å sikre at musikkterapi kjem opp som eit alternativ
- Be POLYFON distribuere infofolder om musikkterapi til alle VGS i Noreg.
- Etablere musikkterapi som ein del av felles musikkemne på VGS musikklinje.

Det er og laga eit arbeidsdokument for rekruttering for enklare oppfølging av tiltak. Dette ligg på teams.

Claire Ghetti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 23/25
Sakstype: Informasjon

ePhorte saksnummer: 2025/1011
Møte: 25.09.2025

NOU 2025: 7 Musikklandet

Vedlegg:

[NOU 2025: 7](#)

Fråsegn: «Innspill fra programstyret for INMUT om NOU 2025: 7 *Musikklandet*.»

Bakgrunn

NOU2025: 7 Musikklandet blei lagt fram 23. juni 2025 for Kultur- og likestillingsdepartementet, og det er satt høyringsfrist til 14.11.2025. Musikkterapi er særleg nemnt i kapittel 4.8 *Musikk som helse*, og POLYFON under kapittel 10.6.9 *Tverrsektorielle innsatser*.

Til saka

Saka kom opp som eventuelt på programstyremøtet 28.08.2025. Eit fråsegn blei utarbeida, og sendt på runde i fagmiljøet.

Endeleg fråsegn frå programstyret i musikkterapi blei sendt til instituttleiar 18.09.2025. Vedlagt i saka.

Claire Ghatti
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
sekretær

Innspill fra programstyret for INMUT om NOU 2025: 7 *Musikklandet*.

Kultur- og likestillingsdepartementet har sendt NOU 2025: 7 *Musikklandet*. *Flerstemt musikkpolitikk for framtiden* ut på høring. Punkt 4.8 i utredningen gir en gjennomgang av ulike forhold knyttet til musikk og helse, der helse forstås positivt, som livskvalitet og menneskelige muligheter og ikke «bare» fravær av sykdom. Utredningen vektlegger dessuten at musikk forstått og brukt som en helseressurs ikke kan likestilles med snever nyttetenkning, men også handler om å skape rom for at alle kan delta musikalsk, uavhengig av helsemessige forutsetninger. Dette er premiss som ligger musikkterapiet nært og programstyret vurderer det som positivt at NOU 2025: 7 også belyser musikkterapiens muligheter og utfordringer. Det pekes på helsemyndighetenes anbefalinger av musikkterapi og at det er en utfordring at tilbud innen musikkterapi er skjevt fordelt:

På bakgrunn av at musikkterapitilbudet er skjevt fordelt i landet, og at det ser ut til å være en sterk sammenheng mellom hvor kompetansemiljøene er lokalisert, og hvor tilbudet er størst, foreslår utvalget at det opprettes en musikkterapiutdanning i en del av landet med lite dekning. Kompetansemiljøene i Oslo og Bergen ser ut til å ha ført til utvikling av tilbudet på Østlandet og Vestlandet. Både Midt-Norge og Nord-Norge kan være aktuelle steder for å opprette en ny utdanning. Dette er regioner hvor musikkterapi som tilbud er svakt utviklet. Samtidig finnes det kompetanse ved utdanningsinstitusjoner i disse regionene som det kan bygges videre på i en eventuell etableringsfase (NOU 2025: 7).

Programstyret for INMUT støtter Musikkutvalgets vurdering av at det er behov for en tredje musikkterapiutdanning i Norge og ser det som positivt og relevant at det foreslås etablering av en slik utdanning i Midt- eller Nord-Norge. Vi vil utdype med noen mer konkrete vurderinger:

- Utdanningene i Oslo og Bergen har i perioder hatt utfordringer med rekruttering. Dette må tas på alvor, samtidig som det neppe kan løses bare med rekrutteringstiltak. Det er f.eks. sannsynlig at framtidsutsiktene til profesjonen i tider preget av usikkerhet vurderes nøye av aktuelle søkere. Vilje fra myndighetene til å satse på musikkterapi vil derfor kunne påvirke rekruttering positivt.
- De to eksisterende utdanningene i Norge rekrutterer bare i liten grad studenter fra Midt- og Nord-Norge. Siden en eventuell tredje utdanning vil bygge opp nye samarbeidsrelasjoner og egne rekrutteringstiltak i sin region, er det ikke gitt at en ny utdanning i disse delene av landet vil gå ut over rekrutteringen til de to eksisterende utdanningene i Oslo og Bergen, kanskje tvert om.
- NOU 2025: 7 peker på at samfunnet står framfor store utfordringer innen helsevesenet, der det er liten grunn til å tro at en kan møte disse bare med dagens redskaper. Det er behov for innovasjon og omstilling i samfunnets tilnærming til helseutfordringer, der utvalget peker på at musikkterapiens ressursorienterte og salutogene tilnærming kan være en del av løsningen.
- Samfunnet kommer ikke til å bruke mindre ressurser på helse de kommende tiår, selv om det trolig blir mindre ressurser tilgjengelig per hjelpetrengende person. Flere profesjonsutdanninger rustes nå opp med økt utdanningskapasitet og nye studiesteder, bl.a. innen psykologi. Gitt musikkterapiens innovasjonspotensial og ujevn implementering regionene imellom, er det da samfunnsmessig uheldig om ikke musikkterapi er en del av den politiske diskusjonen om hvilke profesjonsutdanninger som skal løfte de kommende år og tiår.
- Vi antar at det vil være vanskelig for UiT eller NTNU å bygge opp en fullverdig musikkterapiutdanning innenfor eksisterende rammer for høyere musikkutdanning. Vi antar derfor også at en tildeling av studieplasser vil måtte følge en flerårig oppbygging av kompetanse og aktivitet på musikkterapiområdet, der ulike regionale aktører involveres, slik det har vært gjort ved etablering av studieplasser i psykologi. En slik prosess vil i seg selv være byggende for faget.
- Vi deler vurderingene gjort i NOU 2025: 7 om at regionale utfordringer knyttet til kulturelle, sosiale og helsemessige forhold bør spille inn ved lokalisering og utforming av en ny utdanning.
- Samtidig vil vi peke på at det bør være visse nasjonale rammer for nye musikkterapiutdanninger, slik at utdanningene blir likeverdige og en unngår fragmentering av fagfelt og profesjon.

Overlevert til Instituttleder ved Griegakademiet på vegne av Programstyret for Femårig integrert masterprogram i musikkterapi, med innspill fra Programstyret medlemmer.

Bergen 18.09.25

Claire Ghetti

Programstyreleder

Programstyret for Femårig integrert masterprogram i musikkterapi